



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR
Møtested: Revsnes Hotel i Bygland
Dato: 06.09.2021
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Sidenr |
|--------------------|--|--------|
| ST 20/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste | 6 |
| ST 21/21 | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar | 6 |
| ST 22/21 | Orienteringer | 6 |
| RS 93/21 | Referatsaker | 6 |
| RS 94/21 | Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag og Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1 og 260/1-2, Sandnes kommune | |
| RS 95/21 | Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, brensel, proviant og lignende, Åseral kommune | |
| RS 96/21 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Vasstøl, gnr/bnr, 39/2, Hjelmeland kommune - Klarfrid Mæland | |
| RS 97/21 | Innvilga søknad om dispensasjon til ATV transport i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal Kommune Odd Kjos-Hanssen | |
| RS 98/21 | Innvilga søknad om helikoptertransport til Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 56/1, Suldal kommune - Bjarne Bråtveit | |
| RS 99/21 | Søknad om dispensasjon til transport med helikopter i forbindelse med vedlikehold av driftevei for sau i Loneskaret i Åseral kommune, SVR-LVO | |
| RS 100/21 | Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. 4/24 Øyvassbu. Thomas Gleditsch og Inger Skaunfelt Gleditsch. Bygland kommune. | |
| RS 101/21 | Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med transportoppdrag i Åseral kommune, SVR-LVO | |
| RS 102/21 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kvanndal i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, 11,14 - Geir Egil Eie | |
| RS 103/21 | Innvilget landingstillatelse i forbindelse med å sette ut fisk i Revsvatnet i Valle kommune, SVR LVO | |
| RS 104/21 | Innvilga søknad om dispensasjon til gjennomføring av tilretteleggingstiltak på turstien | |

- til Kjerag, samt tilhørende helikoptertransport, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/2, Sandnes kommune - Stavanger turistforening
- RS 105/21 Innvilga søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av sankehytte i Pjåkevassdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Kjell Ove Nærheim
- RS 106/21 Innvilga søknad om bruk av helikopter. 4/2 Gaukhei. Robert Larsen. Bygland kommune.
- RS 107/21 Endring i innvilga landingsløyve for helikopter. 4/2 Gaukhei. Robert Larsen. Bygland kommune.
- RS 108/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune
- RS 109/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til tre driftehytter i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Eivind Haaland
- RS 110/21 Utvidelse av eksisterende dispensasjon for transport med helikopter til hytte ved Øreknuten øst for svartevassmagasinet, Sirdal Bygg
- RS 111/21 Innvilga søknad om endring av dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune, Kompani Bliss
- RS 112/21 Løyve til transport med helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr knyttet til rivning av hytte ved Øreknuten sør øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune, SVR LVO
- RS 113/21 Innvilga søknad om dispensasjon til oppsetting av trelavo i Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening
- RS 114/21 Tillatelse til å bruke drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i Sandnes kommune X
- RS 115/21 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr ved Litle Aurådalen turisthytte i Bykle kommune, SVR-LVO - ENDRING AV EKSISTRENEDE LØYVE I DS 83/21
- RS 116/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mikkelshytta i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr,

- 248/1, Sandnes kommune - Sigurd Espeland
- RS 117/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - Espen Hatleskog
- RS 118/21 Tillatelse til å bruke gravemaskin i forbindelse med tilrettelegging av ny løypetrase rundt Finndalsvatnet i Kvinesdal kommune, SVR-LVO
- RS 119/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune
- RS 120/21 Innvilga søknad om bruk av drone ved Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1-2, Gjesdal kommune - Willy Steinskog
- RS 121/21 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til tilsyn og vedlikehold av kraftanlegg, Agder Energi Vannkraft, Åseral kommune
- RS 122/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Skitstøl, gnr/bnr, 56/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening
- RS 123/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Øyestøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 69/1, Hjelmeland kommune - Ola Mjølhus
- RS 124/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med gjennomføring av redningsøving ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - Rogaland Alpine Redningsgruppe
- RS 125/21 Utvidelse av eksisterende dispensasjon for bruk av helikoptertransport til hytte ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet, Sirdal Bygg
- RS 126/21 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Bossbustøylane 50/68. Arild Stene. Valle kommune.
- RS 127/21 VS: Søknad om landingstillatelse for helikopter ved Storevatn
- RS 128/21 Tillatelse til transport med helikopter til STF hytte ved Lite Aurådalen i Bykle kommune, SVR
- RS 129/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/7, Hjelmeland kommune
- RS 130/21 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for

| | | |
|----------|--|----|
| | helikopter. Josephsbu v/ Store Halvorsvann - 5/9. Hans Gaarder. Bygland kommune. | |
| ST 23/21 | SBK-BASE - Søknad om dispensasjon til helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2022, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune | 7 |
| ST 24/21 | Søknad om dispensasjon frå verneforskrift for framføring av fiberbreiband langs veg Brokke - Suleskard. Lyse Fiber AS. | 25 |
| ST 25/21 | Oppføring av veranda på driftshytte. 48/13 Gjuvasslegå. Vurdering av krav om retting. | 46 |
| ST 26/21 | Førespurnad frå Stavanger turistforening om støtte til igangsetting av prosess mot endring av verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde | 49 |
| ST 27/21 | Eventuelt | 56 |

ST 20/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

ST 21/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 22/21 Orienteringer

RS 93/21 Referatsaker

RS 94/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag og Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 228/1 og 260/1-2, Sandnes kommune

RS 95/21 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, brensel, proviant og lignende, Åseral kommune

RS 96/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Vasstøl, gnr/bnr, 39/2, Hjelmeland kommune - Klarfrid Mæland

RS 97/21 Innvilga søknad om dispensasjon til ATV transport i Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal Kommune Odd Kjos-Hanssen

RS 98/21 Innvilga søknad om helikoptertransport til Brudlebu i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 56/1, Suldal kommune - Bjarne Bråtveit

RS 99/21 Søknad om dispensasjon til transport med helikopter i forbindelse med vedlikehold av driftevei for sau i Loneskaret i Åseral kommune, SVR-LVO

RS 100/21 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. 4/24

Øyvassbu. Thomas Gleditsch og Inger Skaunfelt Gleditsch. Bygland kommune.

RS 101/21 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med transportoppdrag i Åseral kommune, SVR-LVO

RS 102/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Kvanndal i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, 11,14 - Geir Egil Eie

RS 103/21 Innvilget landingstillatelse i forbindelse med å sette ut fisk i Revsvatnet i Valle kommune, SVR LVO

RS 104/21 Innvilga søknad om dispensasjon til gjennomføring av tilretteleggingstiltak på turstien til Kjerag, samt tilhørende helikoptertransport, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/2, Sandnes kommune - Stavanger turistforening

RS 105/21 Innvilga søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av sankehytte i Pjåkevassdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Kjell Ove Nærheim

RS 106/21 Innvilga søknad om bruk av helikopter. 4/2 Gaukhei. Robert Larsen. Bygland kommune.

RS 107/21 Endring i innvilga landingsløyve for helikopter. 4/2 Gaukhei. Robert Larsen. Bygland kommune.

RS 108/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bbnr, 22/1, Sandnes kommune

RS 109/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til tre driftehytter i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Eivind Haaland

RS 110/21 Utvidelse av eksisterende dispensasjon for transport med helikopter til hytte ved Øreknuten øst for svartevasmagasinet, Sirdal Bygg

RS 111/21 Innvilga søknad om endring av dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune, Kompani Bliss

RS 112/21 Løyve til transport med helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr knyttet til rivning av hytte ved Øreknuten sør øst for Svartevasmagasinet i Sirdal kommune, SVR LVO

RS 113/21 Innvilga søknad om dispensasjon til oppsetting av trelavo i Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening

RS 114/21 Tillatelse til å bruke drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i Sandnes kommune

RS 115/21 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr ved Litle Aurådalen turisthytte i Bykle kommune, SVR-LVO - ENDRING AV EKSISTRENEDE LØYVE I DS 83/21

RS 116/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mikkelslytta i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Sigurd Espeland

RS 117/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - Espen Hatleskog

RS 118/21 Tillatelse til å bruke gravemaskin i forbindelse med tilrettelegging av ny løypetrase rundt Finndalsvatnet i Kvinesdal kommune, SVR-LVO

RS 119/21 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune

RS 120/21 Innvilga søknad om bruk av drone ved Månafossen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1-2, Gjesdal kommune - Willy Steinskog

RS 121/21 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til tilsyn og vedlikehold av kraftanlegg, Agder Energi Vannkraft, Åseral kommune

RS 122/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Skitstøl, gnr/bnr, 56/1, Suldal kommune - Stavanger turistforening

RS 123/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Øyestøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 69/1, Hjelmeland kommune - Ola Mjølhus

RS 124/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med gjennomføring av redningsøving ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - Rogaland Alpine Redningsgruppe

RS 125/21 Utvidelse av eksisterende dispensasjon for bruk av helikoptertransport til hytte ved Øreknuten øst for Svartevassmagasinet, Sirdal Bygg

RS 126/21 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Bossbustøylane 50/68. Arild Stene. Valle kommune.

RS 127/21 VS: Søknad om landingstillatelse for helikopter ved Storevatn

RS 128/21 Tillatelse til transport med helikopter til STF hytte ved Lite Aurådalen i Bykle kommune, SVR

RS 129/21 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/7, Hjelmeland kommune

RS 130/21 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Josephsbu v/ Store Halvorsvann - 5/9. Hans Gaarder. Bygland kommune.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/7556-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 01.09.2021

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---------------------------|------------|------------|
| Verneområdestyret for SVR | 23/21 | 06.09.2021 |

SBK-BASE - Søknad om dispensasjon til helikopterlandinger på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2022, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune

Vedlegg:

- 1 SBK BASE - Søknad Heliboogie 2022
- 2 Henrik Lilleheim - Uttale om Heliboogie
- 3 Avgjerd i klagesak - Heliboogie 20220

Forvalters innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 landinger med helikopter på Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet "Heliboogie 2022". Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på sin søknad om dispensasjon til å gjennomføre 300 landinger med helikopter på Kjerag i samband med Heliboogie 2022. Verneområdestyret vurderar 300 helikopterlandinger til å medføre såpass omfattande forstyrringar av fotturistane på Kjerag at det ikkje er grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangdaldslova.

Verneområdestyret viser elles til vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandinger for å avgrense størrelsen på arrangementet og konflikta mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjer dette talet framleis rammene for dispensasjonen.

Dispensasjonen på 200 helikopterlandingar omfattar transport av basehoppalar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.

Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for pasasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.


Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 22-25. juni 2022.

Dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

Transportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstå situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten.

Kart over flygeruter



— Flyrute ned
— Flyrute opp

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar
- Det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2022

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet "Heliboogie 2022" 22-25 juni 2022. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehoppalar ut over stupkanten.

Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 26.08.2021, og møte med søker 19.08.2021. Det visast og til tidlegare handsamingar av liknande søknader i AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, 30/2018, samt Delegasjonssak RO 49/2017. Viser og til handsaminga av Heliboogie 2020 i styresakene 30/19, 42/19, 15/20, 38/20 og 47/20, samt Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 07.09.2020.

SBK BASE v/ Stein Edvardsen søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Fráfjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld transport av utstyr og personar i samband med BASE hopp arrangementet "Heliboogie" 22-25. juni 2022. Transportane vil gå føre seg mellom landingspunktane Lysebotn og Kjerag, kor det siste ligg inne i Fráfjordheiane landskapsvernområde. Landingspunktane og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar søknaden.

Det søkast om å kunne personar og utstyr relatert til luftsportarrangementet. Dette vil til dømes omfatte basehoppaparar, paraglidere, speedflygere, hangglidere, samt filmmannskap og media som ønskjer å dokumentere og dekke arrangementet. Søknaden omfattar og transport av tilskoderar frå Kjerag og ned til Lysebotn.

Med tanke på at Covid 19 vil være under betre kontroll neste år, forventar SBK BASE høg deltaking på arrangementet. Da vil 200 landingar bli for lite, og ved optimale tilhøve kan den landingane være brukt opp i løpet av to dagar. Det søkast derfor om å kunne gjennomføre 300 landingar med helikopter i 2022.

Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil talet på transportar truleg ligge ein stad mellom 200 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søker om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018. I 2019 gjorde dårleg vær at talet låg på 168, mens berre 44 transportar vart gjennomført i 2020 og 2021 på grunn av reiserestriksjonar i samband med covid 19.

Ved søknaden ligg det og ein uttale frå Henrik Lilleheim som har vore parkeringsvakt ved Øydegardsstøl i mange år. I uttalen kjem det mellom anna fram at knapt finns fotturistar for blir forstyrta av helikopteraktiviteten under Heliboogie. Tvert om synes mange at det er spanande å sjå på basehopparane og att arrangementet gir ein positiv dimensjon til turen.

I følgje opplysningar frå søker og informasjon på søker si nettside <http://stavangerbase.com/about-the-helibooogie/>, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1998. Vanlegvis er om lag 25-30 land, og opp til 200 hoppaparar frå heile verden er representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hoppaparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkeren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.

SBK BASE søker og om å få plassere ein midelertidig installasjon under arrangementet. Dette dreier seg om ei rampe som er om lag 5m lang, 1m breit og 1.5m høg. Dette skal brukast til å

«skyte» basehopperane ut over kanten, og vil bli plassert ved eit utsprangspunkta. Det vil ikkje bli brukt boreboltar for å forankre rampa.



Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020

I styresak 30/19 av slo verneområdestyret søknaden om å arrangere Heliboogie 2020. Grunngevinga for avslaget var at motorferdsla verka forstyrrende på fotturistane si naturoppleving. Vedtaket vart påklaga av SBK-BASE, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. I styresak 42/19 gjorde derfor verneområdestyret om sitt vedtak og gav dispensasjon til Heliboogie 2020. Denne dispensasjonen vart påklaga av Naturvernforbundet i Rogaland. I si førebuaende klagesakshandsaming i styresak 15/20, stod verneområdestyret fast ved dispensasjonen og saka vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg klagehandsaming. I si klageavgjerd datert 07.09.2020 avviser Miljødirektoratet klagen frå Naturvernforbundet i Rogaland, og opprettheld verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i styresak 42/19, men med ei endring i form av eit nytt vilkår. Her heiter det at dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

I klageavgjerda legg Miljødirektoratet vekt på at forstyrringa frå helikoptertrafikken er tidsmessig avgrensa på ein slik måte at det ikkje kjem i strid med verneføreskrifta sitt føremål om ålmenta sitt høve til naturoppleving. Når arrangementet heller ikkje påverkar verneverdiane negativt, er det grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Samstundes meiner Miljødirektoratet at det ikkje er ønskjeleg at arrangementet aukar ytterlegare i volum, og det derfor bør settast eit tak for talet på landingar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta.

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at *"Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode"*. I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsmyndigheita si vurdering kjem dei omsøkte helikoptertransportane ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

Tekniske inngrep i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heter det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som:

"oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretingar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrking, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmende".

Den melombels instalasjonen det er søkt om kjem etter forvaltningsstyresmakta sitt syn inn under §3, punkt 1.1 og krev derfor dispensasjon etter naturmangfaldlova sin §48 for å kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldslova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta "*Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping*" på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. Retningslinjene er ei vidareføring av tilsvarande retningslinjer i Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Frafjordheiane frå 2007. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vær eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennom- føre tiltaket.
- "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasjeverksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Mellombels installasjonar på Kjerag er omtala i Besøksstrategi for SVR på side 49. Her går det fram at dispensasjonar til mellombelse installasjonar skal avgrensast til perioden 15-30 juni, og at dei skal avgrensast til områda vest for Kjeragbolten.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering


Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte landingsplassen ligg om lag 950 moh nær kanten mot Lysefjorden. Området består av mykje fjell i dagen og flekkar med skrinne vegetasjon. Hovudsakleg lav, mose og

grasartar. Landingsplassen er lokalisert om lag 700 m nordvest for utkikkspunktet ved Nesatind og om lag 800 m nord for Kjeragbolten.



Kart over landingspunktet for Heliboogie, samt Kjeragbolten og Nesatind.

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av området der arrangementet skal gjennomførast den tida dei hadde sendar. Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjon.no har registrert plott frå området. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarande informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale rødlista, men arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og ruging frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om. I følgje Fylkesmannen i Rogaland (2001) er områda rundt Kjerag gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne i nærleiken av den aktuelle landingsplassen.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme. Ferdselsteljingane i 2016 og 2017, dokumenterte at talet på besøkande på Kjerag nå var på 55-60.000 pr år. Noko som var langt høgare enn i 2011 og i 2014, da tidlegare forvaltningspraksis og innhaldet i forvaltningsplanen vart utarbeidd. Ferdselsteljingane viste og at det var svært mange besøkande på Kjerag rundt 20. juni når Heliboogie blir arrangert. Ein fekk nå dokumentert at 20. juni var ein del av hovudsesongen med om lag 150-1100 besøkande kvar dag, alt etter værtilhøve og vekedag. I 2020 og 2021 har det vore langt færre besøkande på grunn av reiserestriksjonane i samband med Covid 19. For 2022 sesongen må ein rekne med at reiserestriksjonane blir mindre omfattande, og at det igjen blir fleire besøkande på Kjerag.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte tiltaket vil gå føre seg relativt nær dei registrerte hekkelokalitetane for tårnfalk, men på eit tidspunkt som gjer at det er liten fare for redusert hekkesuksess. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil desse helikopterturane, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er fare for at fotturistane som oppheld seg på Kjerag desse dagane vil dei kunne få ei redusert naturoppleving. Sjølv om avstanden til landingsplassen frå Nesatind og Kjeragbolten er 7-800 m, og svært få av dei besøkande går vidare enn Kjeragbolten og såleis kjem i direkte kontakt med BASE hopparane, vil ein både kunne sjå og høyre helikoptera når dei landar og tek av.

BASE hopp arrangement med helikoptertransport av hopparane, var ein pågåande aktivitet da Frafjordheiane landskapsvernområde vart oppretta i 2004. Nærare retningslinjer for gjennomføringa av arrangementet vart såleis nedfelt i den første forvaltningsplanen for verneområdet og vidareført i den eksisterande.

Om eit tek utgangspunkt i tilhøva ved vernetidspunktet, har talet på helikoptertransportar under arrangementet har auka samstundes som talet på besøkande til Kjerag har blitt mangedobla. Dermed har forstyrringane i samband med arrangementet blitt meir omfattande og påverkar mange fleire fotturistar. Eventuelle dispensasjonar bør derfor innehalde ei øvre grense for kor mange helikopter transportar som kan gjennomførast kvart år. Ei avgrensing til 200 transportar vil kunne redusere forstyrringane noko, utan at det medfører urimelege konsekvensar for arrangementet.

Vurdering av presedensverknader

Heliboogie er eit eineståande arrangement i verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Aktiviteten var etablert før Frafjordheiane vart verna i 2004, og



retningslinjer for arrangementet vart fastsett i forvaltningsplanane for området i 2007 og 2015. Ein dispensasjon vil derfor ikkje ha direkte presedensverknadar for Frافjordheiane eller nokon av dei andre verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Samstundes er det eit stort paradoks et det blir gitt dispensasjon til så mange persontransportar med helikopter til Kjerag, når det er en streng praksis i høve til persontransport elles i verneområda.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som eit aktuelt alternativ, sjølv om BASE hopp frå Kjerag gjennomførast utan helikoptertransport resten av året.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing. Dersom det blir påvist søppel frå arrangementet vil tiltakshavar bli pålagt og rydde opp.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ein negativ innverknad på verneverdiane knyt til naturmangfaldet i Frافjordheiane landskapsvernområde, og vil i liten grad komme i konflikt med verneføremålet på dette området.

På grunn av det avgrensa talet på dagar, flygeruta rett opp frå Lysefjorden og avstanden til Kjeragbolten og Nesatind, blir forstyrringa av fotturistane i området ikkje vurdert til å være av eit slik omfang at det er i strid med verneføremålet. Det er såleis grunnlag til å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova si §48, første lett, første alternativ. Talet på helikopterlandingar avgrensast likevel til 200 i tråd med Miljødirektoratet si klageavgjed.



SBK BASE

Galeivegen 6

4056 Tananger

Tlf: +47 90117115

Email: stein.edwardsen@lyse.net

24.08.2021

Til

| | | |
|----------------------------|----------------------------------|------------------------|
| SVR V/ Alf Odden | Avantor V/ Roy Frivoll | Sandnes Kommune |
|----------------------------|----------------------------------|------------------------|

Søknad om landingsløyve.

SBK BASE vil med dette søke om landingsløyve på Kjerag, Geitaneset og Lysebotn i forbindelse med Heliboogie 2022

Landingsløyvet det søkes om er fra og med onsdag 22. juni til og med lørdag 25. juni 2022.

Løyyvet om befatter utstyr og persontransport under Heliboogie arrangementet.

Vi ønsker å transportere personell med utstyr relatert til luftsportsutøvere til arrangementet opp og ned fra fjellet under disse dagene. Eksempelvis basehoppere, paraglidere, speedflyere, hangglidere og film mannskap knyttet til arrangør eller media som ønsker å dokumentere / dekke hele eller deler av Heliboogie arrangementet.

Utstyr

Ønsker og å løfte opp en rampe som er til hoppingen, se bilde. Denne trenger ikke festes med noen festemidler. Det vil bli brukt kun noen sandsekker til å stabilisere den. Den vil bli stående 1-4 dager ved utsprangspunktet.

**Tilskuere**

Ønsker også løyve til å transportere ned tilskuere som har gått turen opp fra Øygardstøl til utsprangspunktet for å se aktivitetene på nært hold. Dette tilbudet er kun for de helikopterturene som allerede er flydd opp med aktører fra Lysebotn. Vi vil ikke fly opp turister fra Lysebotn.

Flyrute

Flyruten blir lagt slik at verneområdet eksponeres minimalt, se kart for flyvning opp og ned. Landingspunktet på Kjerag er ca. 700 meter fra turist plassen ved den kjente Bolten og ligger delvis skjermet slik at andre turister blir minimalt plaget av støy. Landing på Geitaneset blir begrenset til kun nødtilfelle eller annen prekær situasjon.

Antall landinger

Med tanke på at Covid 19 situasjonen er under bedre kontrollert til neste år, forventes det meget høy deltakelse på Heliboogien. Vi tror at med 200 landinger som var gitt sist er for lite, og med optimalt fint vær så vil disse bli brukt opp innen to dager. Vi søker derfor om en utvidet løyve med tanke på antall landinger og vil be om å få 300 landinger for Heliboogie 2022.

For Heliboogie 2021 ba vi Henrik Lilleheim som er parkeringsvakt/turistvert ved øygardstølen om å gjøre en enkel spørreundersøkelse vedrørende publikums tilbakemelding i forbindelse med støy og forstyrrelser i forbindelse med deres tur til Kjerag. Se vedlagt mail fra Henrik Lilleheim.

Litt om Heliboogie:

Heliboogie hadde sitt første arrangement i 1998 og har siden den gang vært arrangert årlig. Dette er et arrangement som trekker basehoppere, andre ekstremsportsutøvere, tilskuere, diverse TV og dokumentar produksjoner til fantastiske Lysebotn og Kjerag. Heliboogie er det største arrangementet som arrangeres i Lysebotn og er blitt en god tradisjon og varer vanligvis en hel uke. Arrangementet er verdenskjent og trekker aktører fra hele verden. Vi har deltakere fra typisk 25 - 30 forskjellige land under Heliboogie uken.



- Flyrute ned
- Flyrute opp

Mvh
Stein Edvardsen
SBK BASE

Fra: Henrik Lilleheim
Sendt: 25.08.2021 23.04
Til: stein.edwardsen@lyse.net
Emne: Heliboogie

Etter 7 år her på Kjerag og 7 Heliboogie kan jeg fastslå at dette er en attraksjon som tiltrekker mer enn bare basehoppere. Siden første Heliboogie har jeg forstått hvor viktig dette er for turismen til Kjerag. Jeg blir gjentatte ganger fortalt av turister at de kommer denne spesielle helgen før å se på basehoppere gjøre sine kunster når de hopper fra plataet. Turister fra både Norge og utland legger sine turer til Kjerag denne uken for å oppleve det mest spektakulære de kan forestille seg.

På syv år har jeg kun hørt en person som klagde på helikopter denne dagen, men så snart jeg fortalte hva det gjaldt så hun at da forstod hun.

Alle blir selvfølgelig informert av oss på parkeringen om hva som foregår og når de kommer tilbake fra turen er de i extase over hva de har fått oppleve. Absolutt ingen har noe imot at dette foregår denne uken som jeg og mine kollegaer har snakket med.

Tidligere år har også personer som aldri ville kunnet komme seg til Kjerag kunne ta et helikopter opp denne uken og de personer har vært helt henrykt over opplevelsen. Ikke ofte handikappet personer har mulighet til en slik opplevelse.

I konklusjon er det basehopp som begynte i 94 som har satt Kjerag på kartet som turist destinasjon. Det går ikke en dag uten at turister spør om basehoppere og når de skal hoppe. Hver gang passasjerer på fergen ser de komme ned kommer de til meg og forteller hvor fantastisk det var.

I tillegg spør de om slackliners, fjellklatrere og hva annet de kan oppleve på Kjerag.

Uten basehopping og Heliboogie vil destinasjonen Kjerag være mye mindre verdt.

Håper dette gir en klarhet i hvor viktig Heliboogie og basehopping er for turismen.

Mvh
Henrik



Naturvernforbundet i Rogaland
Postboks 441, Sentrum
4002 STAVANGER

Trondheim, 07.09.2020

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2020/4401

Saksbehandler:
Helene Mokkelbost

Avgjørelse i klagesak – klage på tillatelse til helikoptertransport for arrangementet Heliboogie 2020 – Frafjordheiane landskapsvernområde

Vi har tidligere uttalt at Agder fylkeskommune ikke vil endre generell praksis for bruk av trenching på fylkesvegnettet. På fv. 987 og fv. 337 mellom Brokke til Suleskar anser vi imidlertid

prosjektet som viktig for samfunnsnyttene ved at det sikrer en god robusthet i fibernettet. I tillegg er prosjektet så pass særegent med hensyn til verneinteressene i området, veien er vinterstengt og veiskulderen på denne strekningen er god. Vi har derfor åpnet opp for muligheten til å gjøre et unntak på Suleskardvegen ved å tillate trenching. Dette vil være en gevinst også for Agder fylkeskommune og trafikantene da strekningen vil få en noe økt vegbredde med stabil skulderkant. Strekningen Brokke – Suleskard er som kjent bygget med liten vegbredde og man har i årenes løp foret på vegskulderen over store deler av strekningen for å gjøre det tryggere å møte trafikk. Vi vil også oppnå en gevinst i forhold til mc-ulykker på strekningen som skyldes uhell der mc-fører mister kontroll over motorsykkelen etter å ha skrenset på løs grus som kommer ut i kjørebanelen fra bankettmassen.

Det vil imidlertid bli stilt tekniske krav til utførelse, garantier med mer, i tillegg til at vi forutsetter at andre fiberaktører blir invitert inn i et samarbeidsprosjekt med Lyse Fiber. Agder fylkeskommune har uttalt at vi vil ikke åpne opp for trenching på et senere tidspunkt og håper derfor at vi sammen kan komme frem til en samordnet løsning som er til det beste for alle parter. Det vil si at vi likestiller alle fiberaktører som har interesse i området, men at Lyse Fiber har prosjektledelsen.

Om klageadgangen

Du kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) 28. Fristen for å klage er tre uker fra du mottok vedtaket. Klagen bør være skriftlig, og du må nevne hvilke endringer du ønsker. Det er en fordel om du begrunner dine ønsker. Klageinstans er Agder fylkeskommune. Klagen sendes til postmottak@agderfk.no.

Du har, med noen unntak, rett til å se dokumentene i saken, jfr. fvl. §§ 18 og 19.

Med hilsen

Leiv Egil Thorsen
Avdelingsleder
Forvaltning

Svein Erik Tvermyr
Rådgiver
Forvaltning

Brevet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Rutine for fremføring ledninger og graving
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak
Ledningsforskriften
Situasjonskart

Kopi til: Ifn-jira
Drift veg /v Brede Høygilt
Vedlikehold veg /v Jan Ragnar Finsland
Forvaltning /v Dag Øystein Løyning
Strategi og mobilitet /v Steinar Sørheim
SIRDAL KOMMUNE



LYSE FIBER AS
Breiflåtveien 18
4017 STAVANGER

Dato: 24.03.2021
Vår ref: 21/07694-3
Deres ref:
Saksbeh.: Svein Erik Tvermyr

Trond Wiggo Pollestad

Fv. 337 - Suleskarvegen - Valle kommune - Godkjenning av trasevalg for fremføring av fiber.

Vi viser til deres søknad om fremføringstillatelse av fiber med vedlagte situasjonskart av 22.02.2021.

Vedtak:

Med hjemmel i Veglova §§ 32 og 57 godkjennes trase langs fv. 337 S1D1 / meter 1-26927 i Valle kommune med følgende inndeling som avtalt:

- S1D1 meter 1-4138 – Ordinær graving i sideterreng / full reasfaltering av kjørefelt/GS-vei ved trenching/graving i disse. Det samme reasfalteringskravet gjelder ved kryssing. Trenching i skulder/bankett tillates ikke.
- S1D1 meter 4138-26927 – Trenching i vegens skulder/bankett. Kryssing tillates ved trenching

Ledningsforskriften av 8. oktober 2013 med senere endringer, legges til grunn for vedtaket og «Rutiner for graving og legging av ledninger» gjelder for arbeidet.

Følgende vilkår nevnes særskilt:

- Det må sendes søknad om graving og arbeidsvarsling i god tid før arbeidet er tenkt startet. Presiserer at dette er vedtak på godkjent fremføringstrase. Det må sendes inn gravesøknad med valgt entreprenør når dette foreligger, jfr. vegloven § 57.
- Dersom ledningsanlegg, plassert på Agder fylkeskommunes grunn og/eller nærmere vegkant enn 3,0 meter, må flyttes på grunn senere vegtiltak, vil ledningseieren bli pålagt å utføre dette for egen regning, jf. §16 i Ledningsforskriften.
- Tiltakshaver har ansvaret for å undersøke eventuelle fornminner, naturreservat eller andre typer vern i forbindelse med det kommende gravearbeidet.

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65, 4614
KRISTIANSAND S

Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
38 05 00 00

E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134

Nettsted:
www.agderfk.no

- Etter trenching asfalteres veiskulder i en bredde på 20-30 cm (stedlig tilpasning) med 4 cm tykk Agb11.
- I søknaden er det skissert å trenche fra Brokke alpinsenter samt i GS-vei fra Brokke ned mot Rv. 9. Dette tillates kun dersom veibane og GS-vei blir reasfaltert i full bredde der det trenches. Alternativ skal det gå i sideterrenget. Dette gjelder også ved kryssing. Bankett langs fylkesvei og på GS-vei skal ikke benyttes på dette strekket da det ikke er en del av prøveprosjektet som avtalt.
- Ved kryssing skal trenchesporet være tilnærmet vinkelrett på vegbanen.
- Ledningseier er ansvarlig for all skade som måtte påføres vegområdet eller tredjemann.
- Før gjennomføring av omfattende graveprosjekter skal ledningseier gjennomføre en kartlegging blant andre ledningseiere for koordinering og samkjøring av graveprosjektet og for å informere om muligheten til å legge rør mens arbeidet pågår. Dette gjelder fremføringstraseer for legging av tele- og datakabler, fjernvarmeledninger, vann- og avløpsledninger, etc. som er lenger enn 40 meter og/eller som krysser en veg.
- Mulig ulempe for ledningsanlegget ved Agder fylkeskommune senere vedlikeholds/reparasjons- og utbedringsarbeider er Agder fylkeskommunes uvedkommende. Det kan ikke senere gjøres gjeldende erstatningskrav overfor Agder fylkeskommune for skader og ulemper som er påført innretningen på grunn av nærheten til vegen.
- Avtale om fremmedinstallasjoner i bruer skal være på plass.
- Alle kabler og rør, i kryssinger og langsgående traseer som går på veggrunn, skal måles inn i hht. SOSI-standarden og gjeldene [objektliste](#). Innmålingene sendes Agder fylkeskommune på SOSI- filer.
- Tillatelsen til kryssing og nærføring har gyldighet fra 22.03.2021 – 22.03.2023.

Rettslig grunnlag

Veglovens §32 første ledd

«Elektrisk eller annen kraftledning, ledning for elektronisk kommunikasjon, vass-, kloakk- eller annen ledning eller renne av alle slag, løypestreng, taubane eller privat skinnegang eller feste for ledning m.m. som nemnt, må ikkje utan særskilt løyve frå vegstyremakta leggest over, under, langs eller nærare offentlig veg enn 3 meter frå vegkant, målt vassrett. Dersom omsynet til trygg ferdsel, vegvedlikehaldet eller moglig seinare utbetring av vegen tilseier det, kan vegstyremakta for særskilt fastsatte strekningar sette ein større avstand, men ikkje større enn til byggegrensa for vedkomande veg. Desse reglane gjeld også dersom det i anna lov er gitt høve til å føre ledning eller renne over, under eller langs eigedomsområdet for offentlig veg.

Veglovens §57 første ledd og andre ledd punkt en

«Det er forbode å skade offentlig veg eller å skade eller ta bort innretning som høyrer til offentlig veg.

*På eigedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta
1) å grave, sprengje, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep*

Ledningsforskriften og rutiner for fremføring og graving ligger vedlagt.

Bakgrunn for saken

Lyse fiber AS søker om fremføring av fiber over Brokke-Suleskard. Det er gjennomført befaring og tiltaket har vært oppe i ledergruppen i AFK.

Begrunnelse for vedtaket

Agder fylkeskommune ønsker ringstrukturer og bedre robusthet i fibernettet i regionen. Det er i dag ingen tverrgående fiberkabler i Setesdal mot andre dalfører. Fiberkabler som forsyner Øvre Sirdal inngår heller ikke som en del av en ringstruktur og det bør derfor kobles til bedre redundante løsninger. I fjor initierte derfor DDA (Det Digitale Agder) til et møte mellom relevante fiberaktører og resultatet er nå at det planlegges et felles kommersielt prosjekt over Brokke til Suleskard. Lyse fiber har fått prosjektansvaret av øvrige fiberselskaper.

Vi har tidligere uttalt at Agder fylkeskommune ikke vil endre generell praksis for bruk av trenching på fylkesvegnettet. På fv. 987 og fv. 337 mellom Brokke til Suleskar anser vi imidlertid prosjektet som viktig for samfunnsnyttene ved at det sikrer en god robusthet i fibernettet. I tillegg er prosjektet så pass særegent med hensyn til verneinteressene i området, veien er vinterstengt og veiskulderen på denne strekningen er god. Vi har derfor åpnet opp for muligheten til å gjøre et unntak på Suleskardvegen ved å tillate trenching. Dette vil være en gevinst også for Agder fylkeskommune og trafikantene da strekningen vil få en noe økt vegbredde med stabil skulderkant. Strekningen Brokke – Suleskard er som kjent bygget med liten vegbredde og man har i årenes løp foret på vegskulderen over store deler av strekningen for å gjøre det tryggere å møte trafikk. Vi vil også oppnå en gevinst i forhold til mc-ulykker på strekningen som skyldes uhell der mc-fører mister kontroll over motorsykkelen etter å ha skrenset på løs grus som kommer ut i kjørebanelen fra bankettmassen.

Det vil imidlertid bli stilt tekniske krav til utførelse, garantier med mer, i tillegg til at vi forutsetter at andre fiberaktører blir invitert inn i et samarbeidsprosjekt med Lyse Fiber. Agder fylkeskommune har uttalt at vi vil ikke åpne opp for trenching på et senere tidspunkt og håper derfor at vi sammen kan komme frem til en samordnet løsning som er til det beste for alle parter. Det vil si at vi likestiller alle fiberaktører som har interesse i området, men at Lyse Fiber har prosjektledelsen.

Om klageadgangen

Du kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) 28. Fristen for å klage er tre uker fra du mottok vedtaket. Klagen bør være skriftlig, og du må nevne hvilke endringer du ønsker. Det er en fordel om du begrunner dine ønsker. Klageinstans er Agder fylkeskommune. Klagen sendes til postmottak@agderfk.no.

Du har, med noen unntak, rett til å se dokumentene i saken, jfr. fvl. §§ 18 og 19.

Med hilsen

Leiv Egil Thorsen
Avdelingsleder
Forvaltning

Svein Erik Tvermyr
Rådgiver
Forvaltning

Brevet er godkjent elektronisk.

Vedlegg: Ledningsforskriften

Melding om klageadgang
Rutine for graving

Kopi til: Ifn-jira
Drift veg /v Brede Høygilt
Vedlikehold veg /v Jan Ragnar Finsland
Forvaltning /v Dag Øystein Løyning
Strategi og mobilitet /v Steinar Sørheim
VALLE KOMMUNE



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/7156-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 19.08.2021

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---------------------------|------------|------------|
| Verneområdestyret for SVR | 25/21 | 06.09.2021 |

Oppføring av veranda på driftshytte. 48/13 Gjuvasslegå. Varsel om retting.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret ber om at eigar av 48/13 Gjuvasslegå vert sendt varsel om retting av gjennomførte byggetiltak på driftshusværet og med uttalefrist 3 veker. Varselet er med heimel i forvaltningsloven § 16.

På generelt grunnlag i eventuelle seinare saker, ber verneområdestyret om at slike varsel vert sendt tiltakshavar utan godkjenning av verneområdestyret eller arbeidsutval. Verneområdestyret skal ha kopi av slike varsel.

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i saka ta stilling til om det skal sendast varsel om retting av eit gjennomført byggetiltak på Gjuvasslegå i Valle kommune. På generelt grunnlag vert også verneområdestyret beden om å ta stilling til om forvaltningssekretariatet i eventuelle seinare saker, skal kunne sende ut eit slikt varsel utan først å legge saka fram for handsaming i verneområdestyret eller arbeidsutval.

Bakgrunn

Forvaltar saman med SNO og representant frå Valle kommune hadde 6. juli ei synfaring inn til Bossbustøylane i Valle kommune. På vegen inn kom vi over eit byggetiltak på eit av husværa ved Gjuvasslegå, 48/13 Olav Jan Nomeland. Det er ført opp veranda på sørsida av bygningen. Storleik var målt til 7,90 m x 1,50 m. og med maks høgde 1,35 meter målt frå bakkenivå. Sjå kart og bilete nedanfor.

Tiltaket så ut til å vera av nyare dato og vart sjekka nærmare i ettertid. I følgje eigar er det ført opp «for eit par år sidan» og utan søknad. Flybilette over område underbyggjer også at det er tale om eit relativt nytt tiltak.

Hytta plassert ved raudt punkt i kartet:



Bilte teken 6.7.2021:



Eigar er pr. telefon og i brev gjort merksam på at verandaen er av dei tiltaka som er forbode etter verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.1. Av denne går det fram at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar er av dei tiltaka som er forbode. I nemnde brev til grunneigar vart det gjort merksam på at det kan bli aktuelt å krevje verandaen fjerna. I første omgang vil det i så fall bli sendt eit varsel om dette. Eigar fekk frist til 27.8.2021 med å sende inn eventuelle opplysningar eller kommentarar til saka. Forvaltningssekretariatet har så langt ikkje motteke kommentarar.

Heimelsgrunnlaget

Etter verneforskrifta kap 4. pk.t 1.1 må det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna mellom anna oppføring av *bygningar, anlegg og faste innretningar*. Etter forvaltar si vurdering er gjennomførte tiltak av ein slik storleik at det kjem inn under forbodet som nemnd.

Etter § 69 i naturmangfoldlova kan den ansvarlege for tiltaket påleggjast å rette eller stanse tilhøve som er i strid med loven eller vedtak med heimel i lov. Lova i dette tilfelle er gjeldande verneforskrift. Før det eventuelt vert fatta eit vedtak om retting skal tiltakshavar varslast og med moglegheit for å gi uttale, ref. forvaltningsloven § 16. Ved slike varsel er det vanleg at det også vert opplyst om at det er mogleg å søke tiltaket godkjend. Ein slik søknad skal då handsamast som om tiltaket ikkje alt er gjennomført.

Vurdering

Det synast klart at oppførte veranda er forbode etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 og at det ikkje ligg føre noko byggeløyve. I slike saker skal forvaltningsmyndigheita sende varsel om at den ansvarlege kan bli pålagt å rette tiltaket. Tiltakshavar vil då normalt få tre vekers frist for å gi uttale i saka. Eit eventuelt krav om retting må etter dette fattast av verneområdestyret. Det vil vera mogleg å klage på eit slikt vedtak.

I eit varsel om retting er det vanleg å gjere tiltakshavar merksam på at han kan søke om å få godkjend tiltaket. Ein slik søknad skal handsamast uavhengig av om det alt er gjennomført. For tiltak der det synast å vera liten moglegheit til å få det godkjend bør det opplysast om dette.

I seinare saker ser forvaltningssekretariatet føre seg at varsel om retting kan sendast tiltakshavar utan å gå vegen om verneområdestyret, då det berre er eit varsel og ikkje eit vedtak. På denne måten sparar ein tid, og det ligg ikkje noko form for pålegg i eit slikt varsel. Uttale til varslingsbrevet frå tiltakshavar kan også avdekke om det er tilhøve som gjer at det ikkje er aktuelt å gå vidare med eit pålegg om retting. Det kan vera ein fordel at verneområdestyret tidleg vert kjend med ulovlege tiltak som vert følgd opp. Verneområdestyret bør difor ha kopi av slike varsel.

Konklusjon

Verneområdestyret ber om at eigar av 48/13 Gjuvasslegå vert sendt varsel om retting av gjennomførte byggetiltak på driftshusværet og med uttalefrist 3 veker. Varselet er med heimel i forvaltningsloven § 16.

På generelt grunnlag i eventuelle seinare saker, ber verneområdestyret om at slike varsel vert sendt tiltakshavar utan godkjenning av verneområdestyret eller arbeidsutval. Verneområdestyret skal ha kopi av slike varsel. Kopi bør også gå til aktuelle kommune.

Kopi:

Olav Jan Nomeland, Øyvegen 42. 4747 VALLE
Valle kommune, Pb. 4. 4746 VALLE



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/4432-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 31.08.2021

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---------------------------|------------|------------|
| Verneområdestyret for SVR | 26/21 | 06.09.2021 |

Vedlegg:

- 1 2021-04-26 brev til SVR vedr forskriftsendring

Førespurnad frå Stavanger turistforening om støtte til igangsetting av prosess mot endring av verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde

Forvalters innstilling

Verneområdestyret vil råde i frå at det settast i gang eit arbeid med forskriftsendring. Verneområdestyret legg vekt på at ei slik endring inneber ein ny forvaltningspraksis med vidtrekkande og ukjende konsekvensar. Det vil være svært uheldig om ein får ein situasjon der «tapande» partar i ein klagesak søkar om forskriftsendring som ein «omkamp» på avslaget. Ein vil da kunne få slike endringsprosessar både i saker der klageavgjerda stadfester verneområdestyret sine avslag, og i saker der verneområdestyret sine dispensasjonar blir omgjort. I den siste typen sakar vil ei støtte til Stavanger turistforening, skape ei forventning om at verneområdestyret skal støtte andre prosessar mot ei forskriftsendring.

Saksopplysninger

Bakgrunn for saka

Verneområdestyret for SVR mottok 29.04.2021 eit brev frå Stavanger turistforening (sjå vedlegg). I brevet spør STF om verneområdestyret vil støtte igangsetting av ein prosess for å få endra verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde. STF spør og om verneområdestyret sitt synspunkt på innhaldet i ei eventuell endring.

Føremålet med ei endring av verneføreskrifta er å skaffe ei opning for å kunne bygge Skansen turisthytte. Etter at Miljødirektoratet i si klageavgjer frå 10.03.2021, omgjorde verneområdestyret sitt

vedtak i styresak 40/2020, er det slått fast at det ikkje er mogleg og bygge Skansen turisthytte innan rammene av dagens verneføreskrift eller §48 i naturmangfaldlova.

Under styremøtet 27.05.2021 vart verneområdestyret orientert om både Miljødirektoratet si klageavgjerd og brevet frå STF. I den påfølgjande drøftinga vart det bestemt at førespurnaden frå STF skulle komme opp som ei ordinær styresak på neste møte.

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til om ein ønskjer at Stavanger turistforening skal sette i gang ein prosess for å endre verneføreskrifta for Frafjordheiane. Det vil da være snakk om ei endring av føreskrifta som kan gjere det mogleg å bygge Skansen turisthytte. Om verneområdestyret ønskjer ein slik prosess, kan ein og signalisere kva form ein ønskjer at endringane skal ha.

Innhaldet i Miljødirektoratet si klageavgjerd og brevet frå STF er orientert om tidlegare, men dei heilt sentrale punkta skal gjentakast her:

Miljødirektoratet si klageavgjerd:

- Oppføring av bygningar med et samla areal på nærare 300 m² vil openbart være eit inngrep som påverkar verneverdiane nemneverdig, og vil være i strid med verneføremålet om å ta vare på landskapet
- Miljødirektoratet meiner derfor at vilkåra for å kunne vurdere ein dispensasjon etter verneføreskrifta og naturmangfaldlovas §48 ikkje er oppfylt
- Moglegheita til å gjere unntak frå verneføreskrifta med heimel i naturmangfaldlova § 48 skal ikkje brukas til å utvide den ramma som et vernevedtak sett
- Bestemminga er først og fremst meint brukt på spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Dette gjeld i første rekke på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyringar
- Hovudregelen vil derfor være at det ikkje vil være anledning til å gi dispensasjon til større tekniske inngrep etter denne bestemmelsen. Unntak kan f.eks tenkes når en eksisterende bygning erstattes av en ny tilsvarande på same stad eller at det gjøres biotopforbedrende tiltak i et verneområde
- Kompenserande tiltak (riving av Langavatn) som ligg langt unna tomte til Skansen, kan ikkje trekkast inn som eit moment i vurderinga etter §48
- Formuleringane i forvaltningsplanen som styret viser til i sitt vedtak, kan ikkje tas til inntekt for at forskriftene opnar for nye hytter. Retningslinjer fastsett i ein forvaltningsplan kan ikkje overstyre rammene som er trekt opp i lov og forskrift
- Formuleringa om friluftsliv i verneføremålet viser ikkje til at friluftsliv er ein del av føremålet med opprettinga av verneområde. Den skal heller lesast som ein instruks til forvaltninga om å ivareta friluftslivets sine interesser, men at dette ikkje kan skje på ein måte som går ut over verneverdiane eller bidrar til å endre landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg

Stavanger turistforening sitt brev:

- Ber om tilbakemelding frå SVR. Forvaltningssekretariatet tolkar brevet slik at dei ønskjer svar på om SVR støtter igangsetting av ein prosess med endring av føreskrifta, og om vi i så fall har tankar om kva som skal være innhaldet i ei slik endring
- STF visar til at dei i samband med Miljødirektoratet si klageavgjerd vart gjort merksam på at dei kunne søke om endring av verneføreskrifta. Dette kunne løyse problemet med at SVR ikkje hadde heimel til å gje dispensasjon

- STF meiner at Skansen er eit godt prosjekt med liten påverknad av verneverdiane og brei lokal støtte. Dei meiner og at om fleire får oppleve området vil dette på sikt styrke oppslutninga om vernet
- STF ser føre seg to moglege måtar å endre verneføreskrifta:
 - ei endring av vernegrensa der eit lite område rundt Skansen takast ut av verneområde
 - ei endring av vernereglane som opnar for større tilrettelegging i nokre område
- STF signaliserer at det er behov for fleire tilretteleggingstiltak på Kjerag
- STF presiserer at dei med utgangspunkt i sin langtidspan, ikkje har behov for ei opning nybygging av turisthytter andre stadar i SVR

Vidare saksgang i ein eventuell prosess med endring av verneføreskrift

STF kan søke Miljødirektoratet om endring av verneføreskrifta for Fráfjordheiane landskapsvernområde. Miljødirektoratet opplyser at det er svært uvanleg at ein part i saken søkar om slike endringar. Miljødirektoratet opplyser vidare at dei ennå ikkje har tatt stilling til korleis dei vil handtere ein eventuell søknad frå STF.

Sakshandsamar i Miljødirektoratet presiserer at dei, i si kontakt med STF, på inga måte har oppmoda STF om å søke om ei forskriftsendring. Det vart gitt reine saksopplysningar om at Skansen ikkje kunne byggast innanfor rammene av dagens verneføreskrift.

Ein eventuell prosess mot forskriftsendring vil bli leia av Statsforvalteren i Rogaland.

Verneområdestyret vil bli høyringspart i ei alminneleg høyring før eventuell framlegging for Kongen i statsråd

Tidlegare endringar av verneføreskriftene i verneområda i SVR

Så langt forvaltningssekretariatet har klart og finne ut etter søk i www.lovdato.no, er det tre tidlegare døme på endringar av verneføreskriftene i verneområda i SVR. Desse døma gir eit inntrykk av kva for omstende som kan gjere det aktuelt med ei forskriftsendring.

Ein månad etter at Fráfjordheiane vart oppretta i 2003, vart det retta opp ein feil i teksten om motorferdsel (sjå lenka <https://lovdato.no/dokument/LTI/forskrift/2004-01-30-508>). Endringa vart gjort av Miljødirektoratet utan høyring.

I 2010 vart Dyraheio noko utvida etter tilbod frå ein grunneigar. I samband med dette vart føreskrifta endra på tre punkt for å omfatte ein anleggsveg som nå vart liggande i verneområde (sjå lenka <https://lovdato.no/dokument/LTI/forskrift/2010-06-25-1016>). Endringa av føreskrifta skjedde etter ei høyring og vedtak i kongen i statsråd.

I 2017 vart verneføreskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde endra slik at det kunne søkast om maskinpreparering av 10 namngjevne skiløyper (sjå lenka <https://lovdato.no/dokument/LTI/forskrift/2017-06-21-884>). Sjølv om denne føreskriftsendringa innebar ein formalisering av eksisterande praksis, har denein viss relevans i høve til dagens situasjon og skal derfor omtalast nærare.

I ei klageavgjerd i 2013 omgjorde Klima- og miljødepartementet AU sitt vedtak om å gi dispensasjon til å maskinpreparere skiløypa Hovden-Sloaros. På grunn av den negative innverknaden tiltaket hadde på villreinstamma, meinte departementet at det ikkje var grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i

naturmangfaldlova. Maskinprepareringa måtte derfor opphøyrast. Denne avgjerda vart fatta sjølv om prepareringa hadde pågått i 25 år, hadde fått dispensasjon av SVR tidlegare og var i samsvar med Heiplanen og godkjent kommunedelplan i Bykle kommune. I eit brev frå 2014 bad Fylkesmannen i Aust Agder KLD om å vurdere vedtaket på nytt. I departementets svar i 2014, vart fylkesmannen bedt om å utgreie eit forslag om endring av verneføreskrifta. Fylkesmannen sitt forslag til endring av verneføreskrifta vart sendt på høyring same år. I sitt høyringssvar støtta verneområdestyret forskriftsendringa og hadde konkrete innspel til utforminga. Dette omfatta særleg løypestrekningar der det hadde vore ein langvarig praksis med maskinpreparering. Ny verneføreskrift vart vedtatt i kongen i statsråd i 2017. Søknaden om maskinpreparering ar Hovden-Sloaros etter den nye verneføreskrifta vart innvilga av verneområdestyret i 2018.

I tillegg er det gjort mindre endringar i vernekarta og verneføreskriftene for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og Vormedalsheia landskapsvernområde i samband med opprettinga av naturreservata Hisdal, Ljosådalen og Nordraheia. Det vart og gjort mindre endringar i fleire av verneføreskriftene når Direktoratet for naturforvaltning skifta namn til Miljødirektoratet.

Verneområdeforvaltar har heller ikkje klart å finne liknande saker frå andre verneområde. Den som liknar mest er saken om Snøheim turisthytte i Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark frå 2009, men her var det og departementet som tok initiativ til endringsprosessen.

Innhald i ei eventuell endring av verneføreskrifta for Frafjordheiane

Etter verneområdeforvaltar si mellombels vurdering er det tre måtar å endre verneføreskrifta som kan gi ein opning for å gi dispensasjon til Skansen turisthytte.

1. Nytt punkt i verneføreskrifta sin §3, punkt 1.3

Her kan det leggjast inn eit nytt punkt etter mønster frå verneføreskriftene i Kvanndalen og Dyraheio. Her har punktet denne ordlyden «Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet». Eit slik punkt vil kunne opne for bygging av turisthytter i heile Frafjordheiane.

2. Nytt punkt i verneføreskrifta sin §3, punkt 1.3 med arealavgrensing

Her kan det leggjast inn eit nytt punkt med ordlyden «Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet på strekningen Flørli-Øydegardsstøl». Eit slik punkt vil kunne opne for bygging av turisthytter på nemnte strekning.

3. Ta byggetomta til Skansen ut av verneområdet

Ta byggetomta til Skansen ut av verneområdet. Liknande grep vart gjort når dei større reguleringsmagasina vart halden utanfor verneområdet når vernegrensene vart fastsett.

Vurdering

Som det går fram av gjennomgangen under saksopplysningar, har det sidan verneområda vart oppretta, berre vore ei sak der ei klageavgjerd har resultert i ein prosess mot endring av ei verneføreskrift. Denne skil seg og vesentleg frå dagens sak mellom anna fordi det handla om ein pågåande aktivitet når vernet vart oppretta, og fordi det var departementet som initierte endringsprosessen.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil derfor ei eventuell støtte til STF sitt initiativ skape ein heilt ny situasjon. Dette vil og være eit vedtak som kan få store og uoversiktlege konsekvensar.

I løpet av inneverande og førre styreperiode har det vore 10 klagesaker der Miljødirektoratet si klageavgjerd har gått i søkars disfavour. I 5 saker har verneområdestyret sitt avslag blitt oppretthaldt, og i 5 saker har verneområdestyret sin dispensasjon blitt omgjort.

Potensielt er det derfor mange misnøgdde søkarar som kan sjå seg tent med å få til ei endring av verneføreskrifta. Dette gjeld både søkarar som har fått avslag dei siste åra, og dei som kjem til å få det dei kommande åra. Til dømes har vi for tida fire klagesaker liggande i Miljødirektoratet.

Dersom STF sett i gang arbeidet med å endre verneføreskrifta, vil andre søkarar oppfatte dette som eit signal om at dette kan være ein farbar veg for dei og. Skulle verneområdestyret i tillegg støtte STF i deira arbeid, vil det og skapast forventning om ei tilsvarande støtte hos andre. Det er derfor ein reell fare for at ein med jamne mellomrom vil bli involvert i ressurskrevjande endringsprosessar.

Som både STF og verneområdestyret har framheva, vil bygging av Skansen kunne være positivt for friluftslivet og reiselivet i Lysefjordområdet. Samstundes er det og snakk om eit stort naturinngrep i eit verneområde. Ei bygningsmasse på nær 300m² skal reisast ut mot Lysefjorden i eit område med få andre inngrep. Bygging og drift av turisthytta vil og medføre ei kraftig auke av motorferdsla i eit elles roleg område. Dette er derfor ikkje ei sak der verneestyresmakta bør arbeide aktivt får å svekke vernereglane som skal regulere denne type inngrep. Særleg ikkje når spørsmålet om bygging av fleire turisthytter i Frafjordheiane vart avklara under verneprosessen.

Omdømme til verneområdestyret kan og bli påverka av ei støtte til STF. Store og små grunneigarar rundt heia må finne seg i at verneføreskrifta sett nokre begrensningar, og at søknadar om byggeprosjekt og transportar av og til får avslag. Ei støtte til endring av vernereglane for å mogleggjere eit stort byggeprosjekt, vil gjere det vanskelegare og forsvare ein restriktiv forvaltningspraksis i mange andre saker.

Under saksopplysningar er det skissert tre ulike alternativ for ei eventuell endring av verneføreskrifta. Alternativet med å ta byggetomta til Skansen ut av verneområdet vil ikkje bli omtalt nærare i denne omgang. Det er nødvendig med ei juridisk avklaring i Miljødirektoratet for å avgjere om dette er eit aktuelt alternativ.

Dei to andre alternativa kor verneføreskrifta får eit tillegg, vil eventuelt kunne gjennomførast etter ei høyring og vedtak i kongen i statsråd. Ein slik prosess vil kunne ta frå 3-4 år basert på erfaringane frå Hovden-Sloaros saken.

Alternativ 1 vil kunne opne for bygging av turisthytter i heile Frafjordheiane, mens alternativ 2 vil opne for dette etter ein konkret stistrekning.

Om verneområdestyret skulle ønskje og komme med innspel til innhaldet i ei ny føreskrift, vil verneområdeforvaltar tilrå at ein går for alternativ 2. Alternativ 2 vil innebære den minst alvorlege svekkinga av verneføreskrifta, samstundes som det opnar for at ein ny søknad om Skansen kan bli handsama etter ein spesifikk bestemming. I alle høve vil nøyaktige formuleringar bli avklara gjennom ein eventuell endringsprosess.

Konklusjon

Verneområdestyret vil stå seg best ved å råde i frå at Stavanger turistforening sett i gang ein prosess for å endre verneføreskrifta for Frafjordheiane. Det er ikkje ønskjeleg om ein får ein situasjon der «tapande» partar i klagesaker prøver å få til forskriftsendringar for å kunne gjennomføre sine tiltak.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane
og Frafjordheiane Landskapsvernområde (SVR)
v/ Alf Odden

Stavanger 29. april 2021

Skansen turisthytte – mulig forskriftsendring

Det vises til tidligere saksgang, der SVR først har gitt dispensasjon til bygging av Skansen turisthytte, mens Miljødirektoratet 10. mars 2021 etter klage omgjorde dispensasjonen på grunn av manglende juridisk hjemmel. Klagevedtaket kan ikke påklages og er derfor endelig.

I forbindelse med vedtaket i Miljødirektoratet ble vi gjort oppmerksom på at vi kan søke en endring av forskriften, som vil løse problemet med manglende hjemmel for det vedtak som SVR har fattet.

Som kjent har STF ment at dette er et godt prosjekt som er i samsvar med SVRs besøksstrategi, med bred støtte og lav konflikt med verneverdiene. Vi argumenterte for at dette skulle tilsi at det er hjemmel til å gi dispensasjon, men må bare konstatere at dette ikke har vunnet fram i direktoratet.

En forskriftsendring vil gjøre det klart at SVR får kompetanse til å treffe et slikt vedtak som er gjort i saken først 16. september og deretter i klageomgangen 2. desember 2020.

I samtalene med direktoratet har vi fått beskjed om at en slik prosess vil settes i gang ved at STF søker direktoratet om å igangsette arbeidet med forskriftsendring. Vi antar at SVR i en slik sak vil være en sentral høringspart.

En slik fremgangsmåte reiser noen prinsipielle problemstillinger. STF støtter opprettelsen av verneområdene og ønsker å styrke dette. Samtidig er vi opptatt av at det må legges til rette slik at det blir mulig for flere å oppleve verneområdene, og på den måten bidra til å styrke oppslutningen om dem. Det er derfor vårt syn at selv om en forskriftsendring isolert sett vil innebære et redusert vernnivå, så vil det på lang sikt kunne bidra til å opprettholde en god og langsiktig forvaltning av verneområdene.

En forskriftsendring kan gjennomføres på flere måter, med ulik rekkevidde og betydning ut over det konkrete prosjektet.

En metode er å endre vernegrensene slik at det etableres en «øy» i verneområdet, akkurat stor nok til å bygge en turisthytte med tilhørende infrastruktur. Dette vil ikke ha noen konsekvenser for andre deler av verneområdet.

Alternativt kan man tenke at vernebestemmelsene endres for å gi rom for større grad av tilrettelegging i enkelte områder. En sentral del av begrunnelsen for prosjektet er at området ytterst mot kanten av fjorden er mindre sårbart for inngrep enn de indre delene, og at dette området slik sett tåler større trafikk av fjellvandrere. Også den store interessen for Kjerag tilsier at dette området åpnes for en annen form for tilrettelegging enn andre deler av verneområdet.



En slik endring vil ta høyde for også andre tilretteleggingstiltak som vil bli aktuelle de kommende årene. Blå har vi over tid påpekt at det bør etableres en gapahuk, rastebu eller annen form for ly på selve Kjeragplatået som kan brukes av alle besøkende. Dette vil da åpne for flere tiltak enn bare turisthytta, innenfor de rammer man måtte sette.

STF har vist, gjennom vår langtidsplan, at vi ikke ser behov for noen annen større utvidelse av rutenettet innenfor verneområdegrensene. Vedlikehold og utvikling av de eksisterende anleggene har vært håndtert som dispensasjonssaker under nåværende forskrifter, og slik mener vi det kan håndteres også fremover. Fra vår side ser vi derfor ikke behov for noen større åpning for nybygging av turisthytter i SVR enn det som følger av dagens praksis.

Ved en forskriftsendring, eller senere behandling av en sak om godkjenning av en konkret byggesak, kan også vernemyndighetene legge føringer på utforming av anlegget. Dersom det kan bidra til å sikre oppslutningen om prosjektet, er vi åpne for å diskutere både plassering og utforming av et bygg.

God lokal oppslutning om prosjektet har vært viktig for STF. Vi ber derfor om en tilbakemelding fra SVR på om støtten til prosjektet opprettholdes, og om vi skal ta hensyn til føringer for hvordan en forskriftsendring evt. skal utformes.

Med vennlig hilsen
For Stavanger turistforening

Preben Falck
Daglig leder

ST 27/21 Eventuelt